



At Norge kom med i krigen på Hitlers side ville være en verre ulykke enn krigen selv. At hans egen fredspolitik led fullstendig nederlag var en sviende erkjennelse, men han hadde engang sagt at han «ville setja seg opp mot det vonde.»
HAN — det er Halvdan Koht, og situasjonen var at den tyske minister Brüuer leste opp Hitlers ultimatum til Norge den 9. april 1940. I det øyeblikket bestemte Koht seg til kamp. Dette er noe av det viktigste i det utdraget som Aftenposten bringer nedenfor av professor Sigmund Skards bok «Mennesket Halvdan Koht» som kommer i slutten av måneden, og som allerede har vakt stor oppmerksomhet.



*Halvdan
Koht og
hans rolle
i april
1940*

«Kampen er alt i gang»

*De nordiske
utenriksministere
møttes i Oslo for å
diskutere situasjonen i
Europa i august 1939.
Her er
utenriksminister
Halvdan Koht på
Østbanen for å ta imot
utenriksminister
Sandler fra Sverige og
utenriksminister
Erikko fra Finland.*

114381

NAR den tyske flåteoperasjon den 9. april i det helle lykkast, gjekk det òg i hop med ein nær sagt urimeleg serie av helle lykkaste okkupasjonsinsideringer. Stillesein i norsk okkupasjonsinsidering. I den tyske flåteoperasjonen gjinga innanfor norsk sjøterritorium på vestkysten, som vart meld til Koht grytidleg om morgonen den 8. april. Uunngåeleg måtte helle hans sinn då, på denne lagnadstunge dagen, bli samla om å avvise denne eklatante nøytralitetskrekinga, og å gjera det så ettertrykkeleg, først diplomatisk, dinest òg militært, at ikkje Tyskland skulle reagera med militære mot-tiltak. Handlekrafta hans vart dermed helle dagen styrt inn i parlamentariske kanalar, og samla om den britiske aksjonen.

Det byrja all frå morgonen, då statsministeren mot Kohts ønske tvinga saka fram i utanrikskomitéen. Av seg sjølv vart Vestmaktaksjonen der hovudsaka. Koht nemnde nok meldingar om tyske rørsler mot Sør-Norge, og Hambro gav tilleggsopplysningar i same lei. Men meir skremmande detaljar som militæret hadde fått, var ukjende for politikarane då. Og medan Koht tala, kom det melding om at den britiske flåten alt var på veg for å ta seg av tyskarane. Det viktige på møtet vart då å få vedtatt ein protest mot minelegginga, så skarp at tyskarane skulle sjå vår vilje til å hevda nøytraliteten.

RESTEN av føremiddagen laut Koht bruka på å førebu det han skulle seia under stortingsmøtet om ettermiddagen. Medan han sat med det arbeidet, fekk han meldingar om tyske operasjonar mot Narvik. Men han gjekk ut frå at den overvektige britiske flåten ville mota dei. Noko ut på dagen kom ei mykje meir alarmerande melding om søkkinga av det tyske troppeskipet «Rio de Janeiro», der folka om bord sa seg vera på veg til Bergen. Men den meldinga nådde ikkje fram til Koht før med det same han gjekk på talarstolen i Stortinget.

Det møtet vart òg uunngåeleg dominert av Kohts omhyggelege utarbeidde rapport om mineutlegginga, der han — synleg skaka og oppst — sa at «Vestmaktene har ført krigen inn på norsk område». Under det lange møtet opplyste Ljungberg også om episoden med «Rio de Janeiro». Men kommanderende admiral bagatelliserte affæren og Ljungberg har opplyst at heller ikkje han såg hendinga som eit varsel om noko tysk åtak straks.

Han tala likevel om styrkt forsvar av Oslofjorden. Og fleire talarar drog den slutning at vi no laut etablere «full krigsberedskap». Koht fekk dessutan under møtet nye britiske meldingar om tyske flåterørsler i Nordsjøen. Men han frelst å få fængt å stogga tålestraumen åt stortingsmennene; møtet drog ut til kl. 21. Først då kunne regjeringa drofta heile situasjonen.


DÅ statsrådene gjekk frå Stortinget for å samlast etter møtet, spurde generalstabssjefen forsvarsministeren (etter Høgevoid var det femte gongen) om det ikkje no skulle mobiliserast. Etter dei opplysningane som låg føre, vart òg regjeringmøtet heilt dominert av trugsmålet frå Tyskland. Men Ljungberg greidde ut at allmenn mobilisering etter vanleg («still») framgangsmåte ville ta tre dagar; og det tykte alle var urimeleg. Dei militære rekna dessutan med at Sørlandskysten alt hadde nok mannskap mobilisert; det vart då berre vedtatt å kalla inn 110 bataljonar i Østfold. Ingen, heller ikkje forsvarsministeren, gjorde framlegg om å slå den store alarm, med allmenn og openlys mobilisering på flekken. Staben venta på nærare ordre ut over kvelden, men fekk sist på det inntrykket at ein kunne gå heim og leggja seg.

I lyset av det som skjeddde få timar seinare, er dette unekeleg eit underleg vedtak, eller snarare ein underleg skort på vedtak. Koht har etterpå tatt mykje av ansvarberøra på seg personleg. Han fann at noko laut ha kikkka i hjernen hans den dagen og kvelden, kanskje for di han var overtroytt. Han tykte det var «underleg — og syrgjeleg vondt — no etterpå å tenke på» at han ikkje greidde å kombinere dei ulike opplysningane som hadde nått han om tyske aksjonar. Bandet hadde liksom slitna, skriv han, mellom dei einskloms tankane og inntrykka, så dei vart ståande kvar for seg. Han legg til, at troyttleik her «sjølvsaugt ikkje strekk til som

full orsaking». Men han legg òg til, at han ikkje bar ansvaret åleine; alle i regjeringa kjende no meldinga om «Rio de Janeiro», og kvar kunne dra sine slutningar. Sjølv hadde han enno ikkje fått stunder til å lesa meldinga skikkeleg, «enn mindre til å tenke ho igjennom».

Jan Debes finn, ut frå sin tankegang, at vi heilt mangla eit serskilt etterretningsvesen, at desse feilvurderingane så langt frå å vera uforklarlege, i røynda er heilt naturlege. Koht var absorbert av den minelegginga som i stunda overskygde alt. Og han hadde ingen etterretningssjef som «kunne gripe ham i jakken, ryste ham og holde ham fast inntil de nye kjensgjerninger fikk tid til å trengje inn i hans allerede trette hjerne... Slik saken lå an, måtte Koht etter all sannsynlighet gripe feil».

VI I DAG vil kanskje òg leggja til at det er grense for kva ein kan venta av kombinasjonsevne, både hos Koht og andre. Den tyske kniptonoperasjonen: å ta samtidig, frå sjøen, alle dei viktige hamnene på norskekysten frå Oslo til Narvik, mange av dei med festningar, var gigantisk, og meir enn hasardøs, ja låg, med



general Ruges ord, «egentlig utenfor den militære tankegang hele verden over». Det tykte også dei tyske sjemilitære; storadmiralen var redd for å missa helle flåten på affæren. Faktisk kunne operasjonen lett ha mislykkast, det han òg på fleire punkt gjorde.

Det skulle ein merkeleg strategisk fantasi til for å forma eit bilete av noko slikt ut frå dei spreidde opplysningane som låg føre. Heller ikkje våre militære synest ha greitt det. Til dette kom så den overdrivne tiltrua til både britisk og norsk motstandsevne. Då Koht på kvelden 8. april fekk seg mat hos einven i byen, var han til synes heilt roleg. Han hadde ikkje eingong lagt opplysning i departementet om kva telefon han til kvar tid kunne finnast på. Og han har sikkert, som sine sivile og militære kollegaer, sett fram til ein roleg nattesovn.

Det skulle gå annleis. Ved midnattstellet gjekk luftvernslarmen i Oslo. Koht fekk samband med departementet sitt i telefonen, og fomla seg fram til Victoria Terrasse i mørkelegginga. Statsministeren hadde kalla inn til ekstraordinært regjeringmøte, som vart sett kl. 1.30.

Det trengst noko fantasi for å setja seg inn i det sjokk og den nederlagskjensle som denne gruppa av menn må ha opplevd i dei timane som følgde. Etter som ulykkesmeldingane strøymde inn frå kystbyane, vart det klart kva utenknt omfang det tyske åtaket hadde, kor veldige krefter som var sette inn, og kor laust underbygde våre egne førehandskalkylar hadde vore. Britane var førebels slett ikkje i biletet. Dei fleste kysifestningar det då kom melding om, hadde vist seg vera ineffektive. Koht hadde fått forsikringar om at ingen framand flåtestyrke ville kunna forsera forta kring Bergen; det var nett det tyskarane gjorde. Slik gjekk det også annan stad. Koht telefonerte heim til kona si tidleg på natta og roa ho med at tyskarane ikkje kunne stjeppa framom Oscarsborg. Då han på morgonsida var heimom Lysaker for å henta tyet sitt, og i døra møtte Karen med spørsmål i andiet, kunne han berre seia at «Alt har svikta».

At det likevel skulle gjerast motstand, var klart for alle i regjeringa. Det var semje om å vedta full og openlys mobilisering, og straks. Kva som vidare skjedd-



Oslo-pressen benyttet enhver anledning til å få noen ord fra Koht. Situasjonen i Europa var spent.

de på dette punktet ut over natta, er uklårt, og vil rimelegvis alltid forbli det, delvis fordi dei sivile statsrådene ikkje kunne terminologien for mobilisering. Men det synest utanfor tvil at både regjeringa og dei militære stabane no endeleg ville det same. I Nygaardsvolds ord: «Alle landets stridskrefter skulle settes på krigsfot så fort som mulig». Det kan då vel berre tyda: ved «il-mobilisering», bort over dei normale reglane. Men denne avgjerda i regjeringa laut formidlast til militæret av forsvarsministeren; på ein eller annan måte har det ikkje skjett. I dagboka si (men aldri offentleg) skreiv Koht at han kunne ikkje anna enn «legge heile skulda på Ljungberg». Og det er vanskeleg å unngå den konklusjonen.

DETTE punktet er likevel berre del av eit vidare ansvar, som den samla regjering må bera. Etterpå-visdomen har med rette peika på, at ein gong denne natta burde regjeringa sjølv ha brukt alle massemedia til å senda ut ein proklamasjon om krigstilstand og allmenn mobilisering, og ein appell til folkereising mot fienden. Det skjedde ikkje. Det ser ut til at regjeringa tvert imot med vilje lét vera å nytta kringkastninga av otte for tyske motreaksjonar, særleg ei allmenn bombing frå lufta. Dette må vel kallast ei feilvurdering; og der var andre media ein kunne brukt. Ved ein proklamasjon av dette slaget kunne ein kanskje unngått noko av den forvirring som kom til å merkja dei neste dagane. Det burde dessutan vore gjort vedtak om å øydeleggja kringkastaren i Oslo før tyskarane kom.

Her må ein likevel rekna med den sjøkerende uklarheiten i sjølve situasjonen denne natta. Konflikten sakna så å seia statsrettsleg form. Dette vart først annleis kl. 4.15 om morgonon, då den tyske ministeren melde seg på Victoria Terrasse med Hitlers ultimatum. Vi får då den historiske scena, ypparleg skildra av Koht sjølv, då han tok imot utsendingen frå der Führer i den kalde morgongrånen, og ved to kveikte stearinlys høyrde han lesa opp den lange lista av detaljane i ein total norsk kapitulasjon.

Det er ikkje for vanskeleg å setja seg inn i kva Koht opplevde i denne stunda. Hans eigen fredspolitikk hadde lide fullstendig nederlag. Det militære vern han hadde vore med til å byggja opp, hadde synt seg verdlaust. No var det ikkje lenger tale om å avvisa krenkingar av nøytraliteten: det som stod føre, var full, total krig på norsk grunn, og mot den velrusta og veløvde tyske hærmakta. Kor lite vi der hadde å møte ein slik motstand med, har han nok forstått, dobbelt med den utgangsstilling som fienden måtte ha etter denne første natta.

Kohts ansvar var det no å velja for sin eigen del om vi skulle kjøpa fred ved å overgi oss, eller ta krigen, med alt som han visste den ville føra med seg. Det var mykje i han som måtte reisa seg mot det siste alternativet, ikkje berre hans djupe fredsvilje, men ein nøktern realisme og. Hans tsjekkosllovakiske kollega, med heilt andre maktmiddel bak seg, hadde to år før, under liknande vilkår, valt kapitulasjon. Hans danske kollega og historikar-ven P. Munch skulle, utan at Koht då

visste det, gjera sameleis just i denne same morgonstund.

KOHT har sjølv fortalt korleis vanmot og hjelpeløse seg inn over han medan han sat og lydde på minister Bräuers opplesing. Han måtte spørja seg sjølv om ikkje motstand no var nyttelaust, eit blodspille utan meining. Men så minte han seg på noko han tidligare hadde sagt, at ein ikkje må bli redd, for så handlar ein dumt. Ein må ta feste i det ein før, ved roleg avgjerd, har nått fram til. Eit augnekast på dei tyske krav synt, at om Norge godtok dei, ville landet koma heilt under tysk herredøme, ville koma i krig med England og Frankrike, og — framfor alt — ville bli ein faktisk alliert av Nazi-Tyskland. Og ikkje på noko vilkår, hadde han ofte både tenkt og sagt, måtte Norge koma med på Hitlers side. Det ville vera ei verre ulykke enn krigen sjølv.

Han hadde ein gong sagt, at same korleis det gjekk, ville han «setja seg opp mot det vonde». Det galdt no. Den nasjonale viljen har meldt seg: «Eg kunne ikkje tåla å tenke på at Noreg skulle misse fridomen sin og jamvel misse han med vanære.» Han har hugsa det som «elles hadde styrt livet hans»: du «skal stelle deg slik at du kan ha vørnad for deg sjølv». Han har kanskje reagert endå meir menneskjeleg: «Det er alltid håp for den som kan bli sint». «Eg kjende meg ynkeleg veik innvendes. Men eg gjorde meg hard og kald. No var eg fullt vakent og hadde oversyn over alle dei kjensgjerningane avgjerda for landet måtte bygge på. Det var ingen tvil i mi sjel.»

Han laut sjølv sagt leggja saka fram for regjeringa, som sat samla i siderommet. Men han har kjent den historiske dimensjonen både i si eiga avgjerd, og i det som no stod føre. Det syner dei orda han sa idet han gjekk frå tyskaren; dei har sjølv gått inn i historia: «Eg må tenke på eit ord av foraren Deres, — at det folket som gjev seg for ei framand makt utan motstand, det folket er ikkje livet verd.»

For regjeringa las han opp heile det tyske ultimatum, omsett *ex tempore* til norsk. Han gav ingen kommentar som synt kva han sjølv tenkte. Men det har sikkert vore tydeleg for alle. Heile riksstyret, mann for mann, gav uttrykk for at dei avviste dei tyske krava, slik Koht hadde gjort. Dei ville truleg gjort det same jamvel om Koht med sin autoritet hadde argumentert for overgiving. Men han gjorde altså ikkje det. Statsråd Hjeltnet har seinare sagt, med ord som kan gjelda alle medlemene av regjeringa, at dei i situasjonen handla intuitivt, d.v.s. medvite eller umedvite mobiliserte røynslar som låg goymde djupt i sinnet, utan å gruvla over kva følgjer avgjerda kunne få.

Møtet var heilt uformelt. Der var ingen sekretær. Ikkje eitt ord vart skrivt. Kongen vart først varsla telefonisk etterpå. Men avgjerda var klår for det, og Koht bar ho ut til den tyske sendemannen. «Dann wird es Kampf geben», sa han, «und nichts kann euch retten». «Der Kampf ist schon im Gange», svara Koht. Han prøvde å seia nokre høflege ord, og retta handa fram til farvel. Tyskaren tok ikkje imot ho, bukka, og gjekk.